



Arbeids- og velferdsdirektoratet
Postboks 5 St. Olavs plass
0130 Oslo

Saksbehandlar, innvalstelefon
Tor G. Turøy, 55 57 22 22

Kan ein klage til Fylkesmannen på utbetalingshyppigheita for sosialstønad?

I sosialtenestelova paragraf 48 står det i første setning følgjande om fylkesmannens kompetanse i sosialklagesaker: «Fylkesmannen kan prøve alle sider av vedtaket.» Med utgangspunkt i denne formuleringa har vi behandla klagesaker der brukarar klagar på kor hyppig Nav betaler ut sosialstønad. I praksis gjeld dette klagar på at Nav deler opp sosialstønaden i fleire utbetalingar per månad. Nav grunngjev vanlegvis slike avgjerder med at klagar ikkje har klart å disponere månadlege utbetalingar slik at pengane varer fram til neste utbetaling. Slike klagar gjeld altså ikkje kor mykje pengar klagar skal få frå Nav. Det vi vurderer i slike klagesaker er såleis ikkje utmålinga av stønad, men om grunngjevinga for vedtaket om utbetalingshyppigheit er individuelt og konkret grunngitt og om utbetalingsmåten tilfredsstillers forsvarlegkravet etter paragraf 4 i sosialtenestelova.

Vi har no fått førespurnad frå eit Nav-kontor om det kan vere feil at stønadmottakarar får klage på den delen av vedtaket som regulerer utbetalingshyppigheit, og om det difor er feil om Fylkesmannen behandlar slike klagar. Det vert vist til kva som står i rundskriv 35 punkt 4.22.1.1: «Avgjørelsen om utbetalingsmåte og om stønaden skal utbetales til andre etter samtykke skal fremgå av vedtaket om økonomisk stønad, men er i seg selv ikke et enkeltvedtak og kan derfor ikke påklages til fylkesmannen.»

Det står ikkje noko konkret om utbetalingshyppigheit i rundskriv 35, men i punkt 4.20.2.8 er kortare utbetalingshyppigheit nemnd som døme på konsekvens av vilkårsbrot: «Andre konsekvenser ved brudd på vilkår kan være kortere utbetalingsperioder, utbetaling av stønad til andre eller å gi stønad i form av varer og tjenester.» I det gamle rundskriv I-34/2001 var forholdet kommentert slik i punkt 5.4.1, siste avsnitt: «I enkelte tilfeller kan sosialtjenesten sikre søker et forsvarlig livsopphold ved å utbetale innvilget stønad til livsopphold for kortere perioder av gangen.»

Ettersom problemstillinga er komen opp ønskjer vi at Arbeids- og velferdsdirektoratet gjer nærare greie for kva som er meint med «utbetalingsmåte» i rundskriv 35, og avklarar om Navs beslutning om utbetalingshyppigheit er eit enkeltvedtak og kan behandlast som klagesak av fylkesmannen.

Med helsing

Øystein B. Jacobsen
seksjonssjef

Tor G. Turøy
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent